



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Unn Jenny Utne Kvam, 55 57 21 75

Møtedato  
14.03.2008  
Dykkar dato

Vår referanse  
2008/1440 520  
Dykkar referanse

### Fylkeslandbruksstyret i Hordaland 14.03.2008

#### Høyring - Rapport frå jordverngruppa: "Klimaskifte for jordvernet"

Landbruks- og matdep.

Doknr:

2008 : 132

- 21

Verdat	10 MAR 2008
Journalført	er post 173-08
Akt/Ma/BRE	470
Avset	Avset

#### DOKUMENT I SAKA:

- Brev dagsett 25.01.08 frå Landbruks- og matdepartementet om høyringa
- Rapport frå jordverngruppa: "Klimaskifte for jordvernet"
- Utvalet sin presentasjon av rapporten

#### SAKA GJELD:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring rapporten "Klimaskifte for jordvernet" utarbeidd av ei arbeidsgruppe nedsett av departementet. Gruppa har hatt som mandat å:

- gje ein status på arbeidet med å nå målsetjinga om at årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast innan 2010
- vurdere eksisterande verkemiddel for eit sterkt jordvern
- føresla nye verkemiddel for å styrke jordvernet

Fråseagna frå landbruksdirektøren kommenterer jordverngruppa sine framlegg nr 1, 2, 3, 4, 5, 8 og 9 til nye verkemiddel for å styrke jordvernet. I tillegg gjev den nokre generelle kommentarar til jordvernrapporten.

#### LANDBRUKSDIREKTØREN SI FRÅSEGN:

##### Generelle kommentarar til jordvernrapporten

Landbruksdirektøren i Hordaland si oppfatning er at mange kommunar si mest tydelege rolle i dagens samfunn er å fokusere på vekst og utvikling både på bustad- og næringssida. Kommunar konkurrerer gjerne seg i mellom om slike etableringar ved å ha ein offensiv politikk for tilrettelegging av tomteareal. I dette biletet er lett tilgjenge og rimelege opparbeidingskostnader sentrale moment, og dyrka mark er i ein slik situasjon lettvint å ty til. Dette vekstelementet i den kommunale politikken er gjerne sterkare enn viljen til å ta vare på jordbruks- og naturinteresser. Jordverninteressene fell dermed ofte gjennom i den kommunale skjønnsavveginga. Det er forøvrig ein tendens til at det på sikt er einskildsakene som i ettertid legg premissane for nedbygging og perforering av landsskap og dyrka mark.

Spørsmålet vert så kva tiltak som bør setjast i verk for å møte denne utfordringa. I rapporten frå jordverngruppa er det mange framlegg til juridiske verkemiddel som vil innebere ei omfattande innstramming i kommunane sitt handlingsrom. Landbruksdirektøren meiner at

summen av dei føreslegne tiltaka inneber ei omfattande innskjerping av kommunal handlefridom og skjønnsutøving. Utholing av den kommunale maktbasen er ei utfordring for lokaldemokratiet og verknaden av dette må nøyne vurderast i det føreliggjande arbeidet. Landbruksdirektøren meiner likevel at når visse typar kommunale vedtak gjennomgåande ikkje held seg til det nasjonale jordvernmålet, kan det forsvaraast å innskrenke enkelte kommunar si myndigkeit i slike saker. Det er behov for å nyansere denne innstraminga, jamfør diskusjonen om kjerneareal seinare i dokumentet.

Inndraging av myndigkeit er eit sterkt verkemiddel, som truleg vil verte negativt motteke i dei kommunane der det kan vere aktuelt. Frå Hordaland si side meiner vi jordverngruppa har hatt for lite fokus på det positive samspelet mellom kommunane og regionalt/statleg nivå i arealpolitikken. Slik vi opplever det er det stor interesse for arealpolitikk i kommunane. Dette er eit saksområde der kommunane ikkje berre skal iverksetje statleg vedteken politikk, men også gjere eigne prioriteringar og vegval for framtida. Kommunal arealpolitikk medfører stort engasjement og det skal føretakast vanskelege avvegingar - som i sitt vesen bør ligge på lokalpolitikarane. Vi har tru på at ein betre dialog mellom kommunalt og regionalt/statleg nivå kan legge grunnlaget for ei betre forståing frå alle partar for dei utfordringane ulike nivå møter i arealpolitikken – og slik utvikle ein betre areal- og jordvernpolitikk.

Eit nøkkelomgrep i denne samanhengen er ei geografisk differensiering av arealpolitikken. I Hordaland står ytre og indre delar av fylket overfor svært ulike utfordringar – sterkt arealpress langs kysten, folketalsnedgang i indre strok. Også innad i ein enkelt kommune kan utfordringane vere mangslungne. Det trengs lokalkunnskap for å møte desse utfordringane, noko som tilseier at kommunane bør ha ein sterk posisjon i arealforvaltninga. Samstundes er det knytt regionale og nasjonale verdiar til arealressursane, noko det ikkje alltid vert teke omsyn til frå lokalt hald. For å oppnå nasjonale målsetjingar, til dømes knytt til jordvern, må nasjonal politikk også få gjennomslag lokalt.

Omfordeling av landbruksareala i fylket gjennom tidlegare jordskifteløysingar er ei utfordring i arealpolitikken. Desse jordskifteløysingane har (sjølv sagt) ikkje lagt ut felles utbyggingsareal verken i fjell-, utmarks- eller strandområda. Tomteprisane i desse områda er i dag skyhøge og dei fleste grunneigarar har ynskje om å få realisere tomtegevinster. Som følgje at dette kjem det fortløpende opp enkeltsaker over store deler av landbruksareala. Spørsmålet om rettferdig arealpolitikk kjem opp i kjølvatnet av slike saker. Nokon får full utteljing, medan andre må sitje med friareal, grøntareal og liknande, utan at arealkvalitetar i og for seg kan forklare arealbruken og arealforvaltninga. Dette er ei utfordring å ta fatt i innanfor Landbruks- og matdepartementet sitt verkeområde. Eigedomssstruktur og teigdeling i seg sjølv genererer omdisponering og frådelingssaker og jordskiftetiltak kunne betre desse tilhøva. Den nye jordskiftelova gjev nye moglegheiter innanfor dette området, men framleis er det uløyste utfordringar innan området.

For å oppsummere desse synspunkta: Landbruksdirektøren i Hordaland ser verdien av eit sterkt kommunalt sjølvstyre i arealpolitikken. Vi meiner summen av dei tiltaka som er føreslegne vil innebere eit for sterkt inngrep i lokaldemokratiet.

Landbruksdirektøren i Hordaland vil elles kommentere at dei to høyringane som no går parallelt knytt til jordvernrapporten og til framlegg til endringar knytt til bu- og driveplikta kan sjå ut til å peike i ulik retning når det gjeld vektlegging av busetjingsomsyn. Medan busetjing ser ut til å verte vekta tyngre i bupliksaker, kan ei innskjerping av den kommunale

dispensasjonsmyndigheita knytt til jordlova- og plan- og bygningslova innebere at det vert vanskelegare for kommunane å møte utfordringar knytt til busetjing gjennom desse lovverka.

### **Kommentarar til framlegg om nye verkemiddel for jordvern**

Landbruksdirektøren i Hordaland har følgjande kommentarar til jordverngruppa sine framlegg til nye verkemiddel for jordvernet:

#### **1. Vinne hjerta for jordvern**

Landbruksdirektøren i Hordaland er positiv til framlegget om eit vidfemnande informasjonsprogram for å styrke haldninga til jordvern i breie lag av befolkninga og i relevante delar av forvaltninga. Vi trur at Landbruks- og matdepartementet framleis har eit stort ansvar for å formidle landskapskvalitetar og jordvernverdiar til både grunneigarar, kommunar, forvaltning og politikarar. Det er avgjerande å framleske nye haldningar og ny kunnskap om desse sakene for å få forståing i dei store lag av befolkninga. I Hordaland prøver vi mellom anna å utvide banda folk har til landbruket gjennom arbeid med å opprette landskapsparkar og store fellesbeite som skal vise verdiane i landbruksareala.

Landbruksdirektøren har tidlegare spelt inn til Landbruks- og matdepartementet eit framlegg om at ein slik kampanje også bør innehalde informasjon om korleis jordskifte kan bidra til meir økonomisk rettferdig fordeling av utbyggingsområde der det er planlagt bustader, hytter, næringsareal o.l. Etter vårt syn vert det i dag mange stader opplevd som urettferdig at ein eller få grunneigarar får areal lagt ut til utbyggingsføremål, medan andre ikkje får dei same moglegitene til økonomisk gevinst. Jordskifte som sikrar alle grunneigarane i eit område ein del av desse moglegitene kan vere med å styrke jordvernet si stilling i dei områda som ikkje skal byggast ut.

#### **2. Styrke planbestemmelsane i plan- og bygningslova**

Landbruksdirektøren i Hordaland er generelt positiv til å styrke plan- og bygningslova sine verkemiddel for jordvern. Vi vil her særleg uttale oss til framlegga om tilbaketrekking av dispensasjonskompetanse, om bestemmelsar som regulerer bygningsmassen i landbruket og om konsekvensutgreiingar.

##### Tilbaketrekking av dispensasjonskompetanse

Først vil vi peike på at saksgangen i dispensasjonssakene er svært uoversiktleg, tungvint og kostbar for kommunar, forvaltning og partar. Enkle saker hamnar i dag, etter lang tids sakshandsaming i mange organ og etatar, hos fylkesmannen i eit anna fylke. Sakene som oppstår i jordbruksområde lyt ofte handsamast parallelt etter både jordlova og plan- og bygningslova. For vanlege partar/søkjrarar er denne omfattande saksgangen vanskeleg å forhalde seg til. Det er viktig i seg sjølv å forenkle desse prosessane. Verkemiddel for å oppnå dette kan, i tillegg til å samordne dei to lovene, vere å avgrense i kva saker det skal kunne vurderast å gje dispensasjon.

Hordaland er det fylket i landet med flest dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. I 2007 fekk fylkesmannsembetet i Hordaland tilsendt om lag 1400 slike saker. 227 av dei omhandla landbruksareal. Mellom anna av omsyn til jordvernet er det trøng for ein strengare dispensasjonspraksis i Hordaland.

Landbruksdirektøren i Hordaland meiner kommuneplanane som instrument bør bli betre til å fange opp reelle ynskje om utbygging i kommunane. Planane vert for grovmaska og maktar ikkje å fange opp sakene. Resultatet av dette er at det oppstår ei mengde dispensasjonssaker. Mange av desse kjem i distrikta – der det er trong for ny busetjing. Kommuneplanen bør kunne vere meir nyansert slik at den maktar å fange opp ”uplanlagt” bebyggelse i distrikta.

Mange kommunar har etter påtrykk frå Landbruks- og matdepartementet gjennomført eit omfattande arbeid med å kartlegge kjerneareal for landbruk. Tida er no inne til å anvende avkastninga av dette arbeidet til operativ forvalting av jordbruksareala. Kjernearealet representerer den mest verdifulle delen av jordbruksareala i kommunane. I desse områda bør det vere grunnlag for å avgrense kommunen sin omfattande tilgang til å frådele tomter og tilsvarande for tilgangen til å gje dispensasjon frå plan. Slike system bør utviklast. Vi trur at det vil vere forståing for dette i lokalmiljøa. Vi trur det ikkje vil vere fornuftig i tillegg dispensasjonssakene til fylkesmannen, men det bør utviklast nye modellar for korleis fylkesmannen bør handtere desse sakene.

Gitt at den ordninga vi har i dag skal fortsette, så har fylkesmannen mulegheit til å påklage dispensasjonssaker. Denne mulegheita bør fylkesmennene i og for seg kunne bruke meir offensivt for å dempe uheldig omdisponering av jord.

#### Bestemmelsar som regulerer bygningsmassen i landbruket

Landbruksdirektøren i Hordaland støttar framlegget om at kommunane gjennom planføresegner skal kunne styre omfanget, lokalisinga og utforminga av landbruksbygningar i LNF-område. Slik kan ein til dømes unngå at nye driftsbygningar vert plassert på dyrka mark eller at kårhús vert bygde utanfor eksisterande tunskipnad. Det er positivt at dette er fylgd opp i Miljøverndepartementet sitt framlegg til ny plan- og bygningslov.

#### Konsekvensutgreiingar

Landbruksdirektøren i Hordaland støttar framlegget om at KU-forskrifta bør innehalde eit krav om alternativvurderingar når det er framlegg om å omdisponere dyrka mark.

Landbruksdirektøren er også samd i at det er trong for ein meir utdjupande rettleiar når det gjeld konsekvensutgreiingar og landbruk. I Hordaland har det mellom anna vore usikkerheit knytt til § 4-kriteriane i forskrifta om konsekvensutgreiingar, noko vi tidlegare har teke opp med Statens landbruksforvaltning. Miljøverndepartementet har varsla at det vil utarbeide ein eigen rettleiar for denne delen av forskrifta, men den er ikkje komen enno. Vi har også erfart at konsekvensutgreiingar knytt til kulturlandskapsverdiar kan vere uoversiktlege og vanskeleg tilgjengelege på grunn av at verdiar knytt til ulike kulturlandskapselement som landbruksområde, kulturminne og biologisk mangfald kan vere handsama kvar for seg utan å bli vurdert samla.

### **3. Initiativ til regional plan**

Landbruksdirektøren i Hordaland er samd med jordverngruppa i at auka bruk av regionale planar er eit viktig verkemiddel for jordvernet. Gjeldande plan- og bygningslov inneheld fleire verkemiddel for å oppnå dette, og framlegget til ny lov utvidar verkemidla.

Landbruksdirektøren støttar jordverngruppa si tilråding om at det vert utarbeidd regionale

planar for område som har gode jordbruksareal og høgt utbyggingspress, og at om naudsynt må regionane verte pålagde dette.

Frå Hordaland si side vil vi understreke at omgrepet ”gode jordbruksareal” må sjåast i samanheng med dei ulike vilkåra jordbruket har i ulike delar av landet. I Hordaland får nemninga eit anna innhald enn på flatbygdene på Austlandet, på Jæren og i Trøndelag. Hos oss er terrenget meir heterogen, og dyrka mark er ofte inneklemt i utbyggingsområde. Til dømes spring dei fleste tettstadane i fylket ut frå gode jordbruksbygder. Utfordringa her er difor å møte utviklinga med tilfeldig by- og bygdevekst med ein klar jordvernstrategi. Her er det etter vårt syn trøng for regionalt samarbeid. Ei heilt konkret utfordring vi står overfor er utlegging av nye næringsområde i Bergen og omlandskommunane.

#### **4. Nye rikspolitiske retningslinjer for jordvern**

Landbruksdirektøren i Hordaland er samd med jordverngruppa i at dei gjeldande rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging ikkje ivaretak jordverninteressene godt nok. Gruppa er særleg kritisk til siste setning i følgjande tekst:

*Utbyggingsmønster og transportsystem bør utformes slik at en unngår omdisponering av store, sammenhengende arealer med dyrket eller dyrkbar mark av høy kvalitet. Innenfor gangavstand fra stasjoner/knutepunkter på hovedårene for kollektivtrafikknettet, kan utbyggingshensyn tillegges større vekt enn vern, under forutsetning av at det planlegges en konsentrert utbygging og tas hensyn til kulturmiljøer og grøntstruktur.*

I eit fylke som Hordaland, der mange byar og tettstader ligg i eller i nærleiken av gode jordbruksområde, kan denne formuleringa brukast til å legitimere utbygging på dyrka mark. Eit aktuelt døme er arealkonflikten i Ytrebygda bydel i Bergen, der kommunen mellom anna med bakgrunn i planlagt bybanetråsé ynskjer å legge delar av eit av dei få, store samanhengande landbruksområda i Bergen ut til utbyggingsføremål.

Landbruksdirektøren støttar difor jordverngruppa sitt framlegg om at rikspolitiske retningslinjer/statlege planretningslinjer må gjerast meir presise med omsyn til når jordvernet skal ha prioritet, og at det må konkretiserast kva føresetnader som må vere oppfylte før dyrka mark kan omdisponerast.

#### **5. Styrke jordlova**

##### Omdisponeringsbestemmelsen

Jordlova § 9 seier at dyrka mark ikkje må brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Oppføring av landbruksbygningar krev etter gjeldande forståing av lova likevel ikkje løyve til omdisponering. Jordverngruppa rår til at også landbruksbygningar vert underlagt kravet om omdisponeringsløyve. Landbruksdirektøren i Hordaland støttar dette framlegget, men vil avgrense det til landbruksbygg som vert etablert utanom tunskipnaden på fulldyrka mark.

##### Differensiert delegering

Frå og med 1.1.2004 har kommunane fått myndigkeit til å avgjere omdisponeringssaker og delingssaker etter § 9 og 12 i jordlova. Jordverngruppa meiner det bør vurderast anten å trekke tilbake denne myndigheita, eller å gjere den meir differensiert. Vi viser til drøftinga

ovanfor om registrering av kjerneareal, og meiner at vegen er å gå om ei differensiering av landbruksarealet. Vi trur kommunane vil ha ein viss forståing for ei slik tilnærming.

I Hordaland ser vi at inndraging av myndigkeit kan vere eit naudsynt verkemiddel som siste utveg overfor kommunar som gjennomgåande overser jordverninteressene i omdisponeringssaker og delingssaker.

#### Innstramming i praktisering av delingsbestemmelsen

Jordverngruppa peikar på at det har utvikla seg ein praksis med frådeling av romslege tunparsellar i saker der resten av gardsbruket vert seld som tilleggsjord. Store frådelte område kan føre til utbyggingspress og arealbrukskonfliktar i landbruksområda. Gruppa rår til at retningslinjene for praktisering av delingsbestemmelsen for saker som gjeld tunfrådeling vert presisert og stramma inn. Vi vil avgrense dette til å gjelde når slike tun ligg i store, gode og samanhengande landbruksområde. Ein viss fridom til å føreta romslege delingssaker av tun i distrikta for å skape gode løysingar, bør framleis vere til stades.

#### Heimel for tilsyn med kommunane

Kommunane si manglande prioritering av jordvernet i arealplanlegginga er etter jordverngruppa si meining den viktigaste årsaka til at den nasjonale jordvernpolitikken ikkje har hatt større gjennomslag. Gruppa rår til at fylkesmannen får heimel til å føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med landbruksforvaltning. Det er noko uklart korleis dette tilsynet er tenkt. Landbruksdirektøren meiner at slik heimel er uturvande dersom andre tiltak vert iverksett, jamfør ovanfor.

#### Informasjon om kommunale vedtak etter jordlova § 9 og § 12

Kommunane har myndigkeit i omdisponeringssaker og delingssaker etter jordlova. Fylkesmannen kan gjere om slike vedtak for å sikre offentlege interesser og eit sterkt jordvern, men innanfor ein varslingsfrist på tre veker. I dag er det ofte tilfeldig kva slike saker fylkesmannen får kjennskap til. Gruppa rår til at det vert etablert ein heimel for å pålegge kommunane å sende informasjon til fylkesmannen om avgjerder om omdisponering og deling etter jordlova.

Landbruksdirektøren i Hordaland meiner innføringa av ein slik heimel må sjåast i samanheng med gjennomføringa av øvrige tiltak, jamfør diskusjonen om kjerneareala ovanfor. Det vert i seg sjølv ein noko uheldig saksgang dersom saksområdet er delegert og vi samstundes etablerer system for at sakene utan opphald skal sendast til fylkesmannen. I vårt fylke får vi forøvrig tilsendt slike saker utan vidare når vi ber om det.

### **8. Betre arealdokumentasjon**

Landbruksdirektøren i Hordaland støttar framleggjet om at kunnskapsgrunnlaget om forvaltinga av jordressursane vert betre slik at dokumentasjonen av arealverdiane og kunnskapen om utviklinga i arealbruken får eit høgare presisjonsnivå enn i dag. Dette gjeld både i førekant og etterkant av plan- og enkeltsaksbehandling.

Vi vil også framheve at vidare standardisert digitalisering av arealplanar og registreringar knytt til arealverdiar er med på å gjere sakshandsaminga i planarbeidet enklare og meir effektiv.

## **9. Styrke jordvernet i styringsdialogen**

Landbruksdirektøren i Hordaland støttar framlegget om at krava om eit sterkare jordvern vert tydelege i styringsdialogen Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning har med underliggende organ generelt og at styringsdialogen med fylkeslandbruksstyra vert utvida og forsterka.

Dersom sentrale organ er samd med jordverngruppa i at regionale organ ikkje i stor nok grad bruker motsegn i plansaker og klage i dispensasjonssaker som verkemiddel for jordvern, er dette eit styringssignal vi ynskjer å få tydeleg formidla.

## **LANDBRUKSDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn og kan i hovudsak slutte seg til denne:

1. Fylkeslandbruksstyret ser verdien av eit sterkt kommunalt sjølvstyre i arealpolitikken. Vi meiner summen av dei tiltaka som er føreslegne i jordvernrapporten vil innebere eit for sterkt inngrep i lokaldemokratiet.
2. Fylkeslandbruksstyret er positiv til framlegget om eit vidtfemnande informasjonsprogram for å styrke haldninga til jordvern i breie lag av befolkninga og i relevante delar av forvaltninga.
3. Fylkeslandbruksstyret meiner kartleggingar av kjerneareal for landbruk bør leggast til grunn for ei differensiering av kommunane si myndigkeit til å gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova.
4. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at kommunane gjennom planføresegner skal kunne styre omfanget, lokaliseringa og utforminga av landbruksbygninga i LNF-område.
5. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at KU-forskrifta bør innehalde eit krav om alternativvurderingar når det er framlegg om å omdisponere dyrka mark.
6. Fylkeslandbruksstyret støttar jordverngruppa si tilråding om at det vert utarbeidd regionale planar for område som har gode jordbruksareal og høgt utbyggingspress, og at om naudsynt må regionane verte pålagde dette.
7. Fylkeslandbruksstyret støttar jordverngruppa sitt framlegg om at rikspolitiske retningslinjer/statlege planretningslinjer må gjerast meir presise med omsyn til når jordvernet skal ha prioritet, og at det må konkretiserast kva føresetnader som må vere oppfylte før dyrka mark kan omdisponerast.
8. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at landbruksbygninga vert underlagt kravet om omdisponeringsløyve etter jordlova, men vil avgrense kravet til landbruksbygg som vert etablert utanom tunskipnaden på fulldyrka mark.
9. Fylkeslandbruksstyret meiner kartleggingar av kjerneareal for landbruk bør leggast til grunn for ei differensiering av kommunane si myndigkeit til å avgjere omdisponeringssaker og delingssaker etter jordlova.
10. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at retningslinjene for praktisering av delingsbestemmelsen for saker som gjeld tunfrådeling vert presisert og stramma inn i saker som gjeld tun i store, gode og samanhengande landbruksområde. Ein viss fridom til å føreta romslege

delingssaker av tun i distrikta for å skape gode løysingar, bør framleis vere til stades.

11. Fylkeslandbruksstyret meiner ein heimel for at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med landbruksforvaltning er uturvande dersom andre tiltak vert iverksett, jamfør ovanfor.
12. Fylkeslandbruksstyret meiner innføringa av ein heimel for informasjon om kommunale vedtak etter jordlova § 9 og § 12 må sjåast i samanheng med gjennomføringa av øvrige tiltak, jamfør diskusjonen om kjerneareala. Det vert i seg sjølv ein noko uheldig saksgang dersom saksområdet er delegert og vi samstundes etablerer system for at sakene utan opphold skal sendast til fylkesmannen.
13. Fylkeslandbruksstyret støttar framleggget om at krava om eit sterkare jordvern vert tydelege i styringsdialogen Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning har med underliggende organ generelt og at styringsdialogen med fylkeslandbruksstyra vert utvida og forsterka. Dersom sentrale organ er samd med jordverngruppa i at regionale organ ikkje i stor nok grad bruker motsegn i plansaker og klage i dispensasjonssaker som verkemiddel for jordvern, er dette eit styringssignal vi ynskjer å få tydeleg formidla.

#### **Saka vart handsama av fylkeslandbruksstyret 14.03.08.**

Det vart lagt fram eit nytt framlegg til uttale.

Gunnvor Sønnesyn la fram eit fellesframlegg fra KrF, Høgre og FrP.

Dette innehaldt to punkt i tillegg til dei 13 som er nemnd i landbruksdirektøren si fråsegn:

14. Når det skal utformast ein jordvernpolitikk for heile landet, finn Fylkeslandbruksstyret i Hordaland det utilfredsstillande at den geografiske samansettinga av jordverngruppa representerer ein så avgrensa del av landet.
15. I forvaltning av eit sterkt jordvern er det viktig å ha legitimitet i høve til dei som eig og/eller driv landbrukseigedommar. Denne legitimiteten er avhengig av god samanheng mellom jordvern og politiske verkemiddel. Fylkeslandbruksstyret ber departementet utvide arbeidsgruppa sitt mandat for å utgreie slike samanhengar og peike på fylgjer dette kan ha for landbrukspolitikken og dei politiske verkemidla.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Landbruksdirektøren slutta seg òg til dei nye punkta.

**Etter dette ligg det føre slik uttale:**

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn og kan i hovudsak slutte seg til denne:

1. Fylkeslandbruksstyret ser verdien av eit sterkt kommunalt sjølvstyre i arealpolitikken. Vi meiner summen av dei tiltaka som er føreslegne i jordvernrapporten vil innebere eit for sterkt inngrep i lokaldemokratiet.
2. Fylkeslandbruksstyret er positiv til framlegget om eit vidtfennande informasjonsprogram for å styrke haldninga til jordvern i breie lag av befolkninga og i relevante delar av forvaltninga.
3. Fylkeslandbruksstyret meiner kartleggingar av kjerneareal for landbruk bør leggast til grunn for ei differensiering av kommunane si myndighet til å gje dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova.
4. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at kommunane gjennom planføresegner skal kunne styre omfanget, lokaliseringa og utforminga av landbruksbygningar i LNF-område.
5. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at KU-forskrifta bør innehalde eit krav om alternativvurderingar når det er framlegg om å omdisponere dyrka mark.
6. Fylkeslandbruksstyret støttar jordverngruppa si tilråding om at det vert utarbeidd regionale planar for område som har gode jordbruksareal og høgt utbyggingspress, og at om naudsynt må regionane verte pålagde dette.
7. Fylkeslandbruksstyret støttar jordverngruppa sitt framlegg om at rikspolitiske retningslinjer/statlege planretningslinjer må gjerast meir presise med omsyn til når jordvernet skal ha prioritet, og at det må konkretiserast kva føresetnader som må vere oppfylte før dyrka mark kan omdisponerast.
8. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at landbruksbygningar vert underlagt kravet om omdisponeringsløyve etter jordlova, men vil avgrense kravet til landbruksbygg som vert etablert utanom tunskipnaden på fulldyrka mark.
9. Fylkeslandbruksstyret meiner kartleggingar av kjerneareal for landbruk bør leggast til grunn for ei differensiering av kommunane si myndighet til å avgjere omdisponeringssaker og delingssaker etter jordlova.
10. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegget om at retningslinjene for praktisering av delingsbestemmelsen for saker som gjeld tunfrådeling vert presisert og stramma inn i saker som gjeld tun i store, gode og samanhengande landbruksområde. Ein viss fridom til å føreta romslege delingssaker av tun i distrikta for å skape gode løysingar, bør framleis vere til stades.
11. Fylkeslandbruksstyret meiner ein heimel for at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med landbruksforvaltning er uturvande dersom andre tiltak vert iverksett, jamfør ovanfor.
12. Fylkeslandbruksstyret meiner innføringa av ein heimel for informasjon om kommunale vedtak etter jordlova § 9 og § 12 må sjåast i samanheng med gjennomføringa av øvrige tiltak, jamfør diskusjonen om kjerneareala. Det

vert i seg sjølv ein noko uheldig saksgang dersom saksområdet er delegert og vi samstundes etablerer system for at sakene utan opphold skal sendast til fylkesmannen.

13. Fylkeslandbruksstyret støttar framlegg om at krava om eit sterke jordvern vert tydelege i styringsdialogen Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning har med underliggende organ generelt og at styringsdialogen med fylkeslandbruksstyra vert utvida og forsterka. Dersom sentrale organ er samd med jordverngruppa i at regionale organ ikkje i stor nok grad bruker motsegn i plansaker og klage i dispensasjonssaker som verkemiddel for jordvern, er dette eit styringssignal vi ynskjer å få tydeleg formidla.
14. Når det skal utformast ein jordvernpolitikk for heile landet, finn Fylkeslandbruksstyret i Hordaland det utilfredsstillande at den geografiske samansettinga av jordverngruppa representerer ein så avgrensa del av landet.
15. I forvaltning av eit sterkt jordvern er det viktig å ha legitimitet i høve til dei som eig og/eller driv landbrukseigedommar. Denne legitimiteten er avhengig av god samanheng mellom jordvern og politiske verkemiddel. Fylkeslandbruksstyret ber departementet utvide arbeidsgruppa sitt mandat for å utgreie slike samanhengar og peike på fylgjer dette kan ha for landbrukspolitikken og dei politiske verkemidla.